## Referat frå oppstartsmøte i prosjektgruppa

DATO/TID: 23.11.2022 kl 08:30-10:30
MØTE NR: 1
STAD: Volda rådhus, Helgehornet (342), 3. etg.
INNKALLA: Berit Lyngstad (prosjekteigar), Nina Kvalen (prosjektleiar), Astrid Dimmen (helse og omsorg), Anita Gaarder (barnehage), Håvard Strand (skule) Wenche Skjærvik (reinhald), Finn-Preben Mathisen (RS), Sonja Hovden (HVO), Lena Sætre (HTV Sykepleierforbundet), Cathrin Fremmerlid (HTV Utdanningsforbundet), Ingunn Svendsen (HTV Fagforbundet)
FRÅFALL: Sonja Hovden, Lena Sætre, Ingunn Svendsen
MØTELEIAR: Berit Lyngstad/Nina Kvalen
REFERENT: Nina Kvalen

| Saksnr. | SAK/KONKLUSJON | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 1/22 | **Bakgrunn for heiltidskulturprosjektet** (PP-bilde 3-5, 14-15)<br>- **Kommunestyrevedtak** i k-sak 138/21 i møte 16.12.2021 om å setje i gang *eit prosjekt med heiltidskultur med bistand frå KS Konsulent. I prosjektet skal ein planlegge, førebu og gjennomføre skreddarsydde prosessar slik at politikarar, leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette vert medaktørar i å fremje heiltidskultur*.<br>- **Økonomi**: Budsjett kr 380 000 årleg i perioden 2022-2026<br>- **Utsett oppstart til 2023:** Etter innspel frå leiarar vart oppstart av heiltidskulturprosjektet utsett til 2023. Dette grunna m.a. pandemi, høgt sjukefråver og arbeidspress i sektorane.<br>- I dialog med KS Konsulent (KSK) vart vi samde om å nytte hausten 2022 til ein prefase med kartlegging og førebuing før oppstart i 2023.<br>    o 2022 er prefase<br>    o 2023-2026 er prosjektperiode<br>    o KICK-OFF 09.02.23 markerer oppstart av heiltidskulturprosjektet i heile organisasjonen<br>- **Orientering om utfordringsbilde/status for heiltidskultur i Volda** | Berit, Nina |
| 2/22 | **Korleis utvikle heiltidskultur i Volda?** (PP-bilde 12-16)<br>- Det handlar om haldningar, forankring, normer for «korleis vi har det/gjer det hos oss».<br>- Å utvikle ein heiltidskultur handlar om organisasjonsendring med politisk vilje, tydeleg leiing, engasjerte tillitsvalde og tilsette som jobbar for same mål i same retning.<br>- Fafo-forskar Leif Moland har utarbeidd ein sirkel som viser positive effektar av heiltid<br>    o BLÅ = positive effektar for arbeidsgivar<br>    o RAUD = positive effektar for tilsette<br>    o GRØN = positive effektar for brukarane<br>- 4 K = Kvalitet, Kompetanse, Kapasitet, Kontinuitet<br>- Å jobbe for ein heiltidskultur er ein langsiktig og kontinuerleg prosess. | Berit, Nina, Håvard |
| 3/22 | **Organisering** (PP-bilde 33-36)<br>- **Prosjekteigar (PE):** Personalsjef Berit Lyngstad<br>- **Prosjektleiar (PL)**: Nina Kvalen<br>- **Styringsgruppe (SG):** Partssamansett utval (PSU) | Berit, Nina |

| | | |
|---|---|---|
| | - **Ressursgruppe (RG)**: PE, PL, Finn-Preben vedr. Kartlegging i RS (helse og omsorg, barnehage, reinhald) og Håvard vedr. Kartlegging skule/SFO<br>- **Prosjektgruppe (PG):** Representantar frå RG, ein representant frå helse og omsorg, barnehage, skule, reinhald, samt utval av hovudtillitsvalde (HTV) og hovudverneombod (HVO)<br>- **STIM-grupper:** Arbeidsgruppe for sin arbeidsplass<br>- **Ressursteam (RT):** Vert oppretta for ulike delprosjekt, tema, innsatsområde *(døme: RT turnus (arbeidstidsordningar), RT rekruttering (utlysningspraksis), RT kombinasjonsstillingar (oppgåvedeling), RT leiing (endringsleiing))*<br>- Prosjektbistand frå KS Konsulent (KSK) | |
| 4/22 | **Presentasjon av medlemane prosjektgruppa**<br>Kort runde rundt bordet med presentasjon av medlemane | PG |
| 5/22 | **Mandat prosjektgruppe (PG)** (PP-bilde 37-38)<br>- PG er dei som aktivt jobbar med prosjektet, gir ekspertråd og bidreg med fagkompetanse for å bevege prosjektet framover<br>- Bidreg med innspel, forslag og initiativ til mål, tiltak og prosessar for utvikling av heiltidskultur (på ulike nivå i org.)<br>- Bidra til å tenke ut "nye" metodar for samhandling mellom partane for utvikling av heiltidskultur<br>- Innspel til moment som må ivaretakast for at heiltidskulturprosjektet skal lykkast (kompetanse, organisering, leiing mm)<br>- Forslag til brukarmedverknad, involvering, informasjon<br>- Talerøyr for eigen sektor<br>- Bidra til å gjere heiltidskulturprosjektet kjend i eigen sektor<br>*Prosjektgruppa bør definere sitt eige mandat, samt kome med innspel/definere mandat for STIM-gruppene og ressursteam (RT) når desse vert oppretta. Vi arbeidar vidare med dette på neste prosjektmøte.* | PG |
| 6/22 | **Oppgåver fram mot KICK-OFF** (PP-bilde 23, 29-31)<br><br>- **Kartlegging av planlagt vs faktisk bemanning**<br>    o Helse og omsorg, barnehage, skule/SFO, reinhald<br>    o Kostnader ved bruk av vikarbyrå<br><br>- **Utarbeide heiltidserklæring**<br>    o Mål – Kva vil vi med dette?<br>    o Involvere organisasjonen<br>    o Vedtak i SG/PSU<br><br>- **Utarbeide heiltidsplakat**<br>    o Ståstadsanalyse på viktige område<br>    o Gjerast på kvar enkelt arbeidsplass<br><br>- **Planlegge KICK-OFF 09.02.2022**<br>    o Felles oppstart<br>    o Presentasjonar<br>    o Korleis jobbe vidare<br>    o ALLE STIM-gruppene<br><br>- **Prosjektplan m/framdriftsplan**<br>    o Arbeidet med utkast til prosjektplan har starta opp | <br>Finn-Preben, Håvard, Nina<br><br><br>Nina<br><br><br>Berit<br><br>Nina, Berit<br><br><br>Nina, Berit, PG, KSK<br><br><br><br><br>Nina |

| | | |
|---|---|---|
| 7/22 | **Heiltidsplakat** (PP-bilde 24-33)<br>- Som del av kartlegginga og førebuing til KICK-OFF 09.02.23 skal alle arbeidsplassane utarbeide ein heiltidsplakat, som STIM-gruppene skal arbeide med<br>- Ein heiltidsplakat er ein ståstadsanalyse, som viser situasjonen på arbeidsplassen på ein gitt dato. Leiar og STIM-gruppa skal hente inn informasjon bl a om tal tilsette og årsverk (leiarspenn), tal tilsette med heil stilling (heiltidsandel) og gjennomsnittleg stillingsstorleik.<br>- Utkast til mal for heiltidsplakat og rettleiar til denne vert sendt PG for innspel, før desse vert sendt ut til arbeidsplassane<br>- I malen er det laga tre refleksjonsspørsmål til STIM-gruppa med formål å gjere refleksjonar om eigen arbeidsplass, heiltid/deltid, kontinuitet og kvalitet på tenestene:<br>    o *med mål om å levere tenester av god kvalitet, er det noko de ser som er til hinder for det?*<br>    o *kva kan vi endre eller påverke sjølv?*<br>    o *kva vil det krevje av oss om vi skal få til slik endring/endre måte vi jobbar på i dag*<br>- Nokre STIM-grupper vert utfordra til å presentere sin heiltids-/ deltidsplakat på KICK-OFF 09.02.23 | Nina, Berit, PG<br><br>STIM |
| 8/22 | **Heiltidserklæring** (PP-bilde 47-54)<br>- Det er laga utkast til heiltidserklæring etter mal frå andre kommunar<br>- Utkast vert sendt PG for innspel før gjennomgang i Styringsgruppa (PSU) 06.12.22, og utsending på høyring i organisasjonen | Nina<br>Berit |
| 9/22 | **KICK-OFF for heiltidskulturprosjektet 09.02.23** (PP-bilde 55-56)<br>*KICK-OFF samlinga skal legge grunnlaget for felles satsing på heiltidskultur i Volda kommune. Det vert ulike innleiarar om tema og gruppearbeid*<br><br><u>Deltakarar</u>:<br>- STIM-gruppene i helse og omsorg (107), barnehage (29), skule/SFO (40), reinhald (3), styringsgruppa, ev. andre politikarar, leiarar, HTV, HVO<br>- Det kan bli om lag 200 deltakarar<br>- Det blir sendt ut skjema for kartlegging av STIM-grupper for å få meir nøyaktige tal deltakarar<br><u>Program:</u><br>- KSK har kome med døme på eit program.<br>- PG må kome med innspel til program, kva innhald/opplegg vi ønskjer for dagen, innleiarar mv.? KSK deltek med innlegg og gjennomføring<br>- *Fellessamling før lunsj:* Det vert fellessamling før lunsj der alle får lik informasjon om bakgrunn for heiltidskultursatsinga og utfordringar vi står ovanfor<br>- Etter lunsj vert gruppa delt i to der tema vert tilpassa fagområda<br>    1. *Samling for helse og omsorg – t.d. innlegg frå Kari Ingstad*<br>    2. *Samling for barnehage, skule/SFO, reinhald – t.d. innlegg frå Jo Fiske*<br><u>Lokale/servering</u>:<br>- Fellessamling før lunsj: Vi har bestilt Uppheim (salen).<br>- Etter lunsj:<br>    o Gr. 1: Helse og omsorg blir på Uppheim<br>    o Gr. 2: Barnehage, skule/SFO, reinhald går til anna lokale (truleg Eben Eser, 1. etg.)<br>- Det vert enkel servering med kaffi, te, wraps el.l. | Berit, Finn-Preben<br><br>Berit, Nina, PG<br><br>Nina |

| | | |
|---|---|---|
| 10/22 | **Aktivitetar etter KICK-OFF** (PP-bilde 57-58)<br>KICK-OFF samlinga markerer oppstart av heiltidskulturprosjektet i heile organisasjonen, og skal bidra til leggje grunnlaget for det vidare arbeidet med å setje mål, utforme tiltak, utforske/utprøve løysningar, jobbe med endringar/endringsprosessar mv. på arbeidsplassane. Oppfølging på arbeidsplassar/STIM-grupper kan t.d. vere:<br>- Jobbe med mål og tiltak, lage lokal tiltaksplan på sin arbeidsplass<br>- Kvar arbeidsplass må definere sitt ambisjonsnivå gitt sine spesifikke utfordringar<br>- (Korleis involvere deltidstilsette i arbeidet med å fremje heiltidskultur?)<br>- Avklare delprosjekt vi skal arbeide vidare med<br>    o Døme: Utlysingspraksis, alternative turnusordningar, bemanningsleiing, kombinasjonsstillingar mv. | Berit,<br>Nina,<br>PG,<br>STIM |
| 11/22 | **Framdriftsplan/neste møte** (PP-bilde 59)<br>- 23.11.22: Oppstartsmøte prosjektgruppa<br>- 06.12.22: Styringsgruppemøte (PSU)<br>- 09.12.22: Prosjektmøte/arbeidsmøte<br>- 05.01.23: Prosjektmøte/førebuing KICK-OFF mv.<br>- 09.02.23: KICK-OFF samling heile dagen<br>- 02.03.23: Prosjektmøte; etterarbeid KICK-OFF, vegen vidare mv.<br>- April 23, mai 23, juni 23, sept. 23 -> 1 møte/mnd?<br>    o STIM-gruppene arbeidar vidare på sine avdelingar | Nina |
| 12/22 | **Tiltak/verktøykasse, døme** (PP-bilde 60-67)<br>- Det er mykje å hente av erfaringar og arbeid med heiltidskultur i andre kommunar, KS, KLP mfl. som vi kan sjå nærare på i arbeidet med heiltidskultur i Volda<br>    o Fredrikstad: Preikesjappe<br>    o KLP: Kva betyr deltid for pensjon?<br>    o KS: Rettleiar for god utlysningspraksis<br>        ▪ Utlysingspraksis – ein barriere for heiltidskultur<br>    o Kari Ingstad mfl.: Turnus som fremmer heiltidskultur<br>        ▪ Langturnus, bemanningseining, 3-3 turnus, forhandlingsturnus<br>    o Drammen: Involveringsaktivitetar på ulike nivå i organisasjonen<br>    o KS har utarbeidd verktøy for god utlysningspraksis | |
| 13/22 | **Neste møte**<br>**<u>Fredag 09.12.2022 kl 08:30-11:30</u>**, Volda rådhus, Voldsfjorden 1.etg.<br>Det er sendt  innkalling i kalenderfunksjonen.<br>*For ettertida prøver vi å avvikle prosjektmøte på torsdagar, då HTV/HVO har felles frikjøpsdag* | Nina |